

Dallerud (gnr. 94)

Dallarud: Av det gamle mannsnavnet Dalli+rud, rudning. Gardnamnet Dallerud er elles kjent frå Askim og Rakkestad. Namnet skal og ha vore brukt i Sverike og på Island. I Fåberg finn ein i 1577 namnet feilskrivi Gallerud. Elles har skrivemåten her vore stø og historisk kjenneleg: Dallerud.

I skrivne kjelder finn ein i Fåberg garden Dallerud omtala i diplom av 1359, 1401, 1404 og 1411. Av skinnbrevet frå 1401 er det fortalt at Gyda Gunnarsdotter da gav soknepresten i Fåberg eit halvt ”Markabol i Dallarud i Fagaberg sokn til sjelemesser for Arne.” På denne måten vart altså garden eller ein del av garden bygselgods under Fåberg prestebol og vart verande det i fleire hundre år. I 1577 er det såleis fortalt at Dallerud (Gallerud) framleis svara landskyld med ei halv hud til presten. Nitti år seinare er det i 1668 opplyst at Dallerud av samla landskyld 2 huder alt var prestebølets gods. Etter atter 120 år låg Dallerud enda i 1788 til Fåberg prestebol med full landskyld 2 huder. – Tilsvarande var så i all denne tid brukarane på Dallerud bygselbønder eller leiglendingar. Ordninga førde elles med seg at leiglendingen kunne krevja å ha bra hus og god arbeidshjelp på garden, men elles var han etter si tinglyste kontrakt på fleire måta rein ufri mann. Lista over leiglendingar på Dallerud er lang. Her blir det plass til å nemne berre nokre få, og da helst i samband med andre opplysningar om garden.

I 1657 var det Erik som var brukar på Dallerud, og husdyrhaldet på garden var da 1 hest, 2 hopper, 10 naut, 6 geiter og 16 sauer. Det var etter tid og landskyld ikkje lite. Frå åtte år seinare er der i 1665 tydeleg fortalt at Dallerud vart rekna i gruppa for ”Halve Gaarde”, og at brukaren der framleis heitte Erik, Erik Jonsen, og var 88 år.

Etter atter tre år kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Dallerud fortalt at enga, innmarka var god, men det var lite med skog til garden. Buskapen av store husdyr var da 4 hestar og 16 naut, og korntianda vart utreidd med 2 ½ td., som altså svara til ei årsavling på 25 tdr. Det er elles opplyst at Dallerud alt da hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Nordsetra. Landskylda til presten kunne da betalast enten med 2 huder eller med 4 ½ bismarpund smør.

Tjugefem år seinare var det Kristen som hadde vorte bygselbonde på Dallerud, men i 1693 var kona hans, Inger Olsdtr., død, og det var skifte på ”Dallerud i Faaberg”. Ved dette skifte var det altså inkje jordegods med i buet, og det utgjorde brutto 123 rd. og netto 118 rd. Arvingar ved skiftet var, forutan enkemannen Kristen Dallerud, sonen Erik. Men tretten år seinare var det likevel Jon som var vorte brukar på Dallerud. Han fekk i 1706 bevillingsseddel på ”eit markeslet ovenfor hans påboende gård”. Men etter atter 20 år var det truleg sonen Peder Jonsen som brukte garden. Han fekk da bygselseddel frå prosten hr. Jahan Rosing på ”grd. Dallerud, skyld årlig til Fåberg prestebol 2 huder med bøksele”.

I denne tid kom elles det nye matr.framlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Dallerud fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt; jordarten er god, men noko tørrlendt. Buskapen var da 3 hestar, 16 naut, 8 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæden av korn var 3 tdr. Bygg og litt rug. Det er elles opplyst at garden da hadde skog til brenneved og gjerdefang, og seter med ”mådelig” hamn og ei samla høyavling på ca. 20 lass. Det er elles oppgitt at det til garden låg ein husmannsplass med brukande jord.

Av ei sak fra 1741 går det derimot fram at det da måtte vera fleire husmenn på Dallerud. Saka, som også elles kan vera av interesse, er i ei utskrift av tingboka referert slik: ”Fåberg, 14. juni 1741. Michael Nimb har på vegne av sorenskriver Winsnes innstevnt husmennene Engebret Bechen og Thor og Ole under Dallerud fordi de uten samtlige sætergranners samtykke har innlagt sig Sæterløkker og Nordsæteren, gårdmennene til fortrengsel. De innstevnte forbandt sig til ikke uten vedkommende tilladelse å befatte sig med noget bruk. Hvormed saken beror”.

Frå 10 år seinare er tre tinglyste saker av 1751 som tydeleg fortel at det også da var fleire husmenn til Dallerud. Sokneprest Niels Stochflet gav da samtidig bygselsedlar til 3 husmenn på Dallerud. Det var til: 1. Thord Christensen og hustru Kari Larsdatter på ”en til prestebolets gård Dallerud tilliggende husmandsplads Sveen kaldet mot årlig husleie 2 rd.” 2. Til enka Marit Jonasdtr. på husmannsplassen ”Klinchenberg kaldet som inden gårdens enger beliggende”, mot årleg husleige 1 rd. 1 ort i arbeid. 3. Til Ole Christensen og hustru Kirsti Pedersdtr. på husmannsplassen ”Lykken kaldet som inden gårdens enger beliggende mot husleie 2 rd. 3 ort i arbeide”. – Frå denne tid er og ein bevillingsseddel av 1753 frå Fogden til Peder Dallerud på 3 lass høy av Fuskerud seter og 1 lass høy av Nordseteren under Dallerud. Men mot denne nye bevilling protesterte Ole Engstad ”som ved Peder Dalleruds nye innhegning fandt sig ganske fordervet”. – Sju år seinare er i 1760 Dallerudstuen også omtala som husmannsplass under Dallerud. Erik Thorsen fekk da bygselseddel på ”pl. Dallerudstuen med alle til- og underliggende herligheter, under den Fåberg prestebol beneficerede gård Dallerud, mot at han svarer årlig de 2 rd. til grdn. Dallerud opsidder, enten i penge eller arbeide, samt sin rettighet som husmann og leilending til prestegården og Beneficarius. Han skal underholde sin mor så lenge hun lever”.

Peder Jonsen Dallerud hadde bygsla på garden i 30 år. Men i 1755 var Peder Jonsen død, og det var da atter arveskifte på ”Dallerud i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 287 rd. og netto 238 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Synnøve Pedersdtr., dei 4 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Sigrid, som da var gift med Peder Halvorsen, 2. Ingeborg, som var 19 ½ år, 3. Marit, som var 16 år, 4. Peder, som var 14 år.

I 1765 var den lærde sokneprest Ole Irgens kome til Fåberg. Han gav da bygselseddel til Peder Pedersen, som nyss er nemnt her ovanfor, på grd. Dahlerud, som gardnamnet der er skrivi. Bygselseddelen blir elles avslutta med desse opplysningane: ”Denne gård har hans mor enken Synev Pedersdatter før brukt, og sønnen har nu at svare henne årlig føderåd. Peder Pedersen har betalt bøxelpenge og har at utrede de konll. Skatter og sedvanlige rettigheter”. Frå åtte år seinare er det elles opplyst at Marit Pedersdtr., som vi og har nemnt, i 1778 var gift med Lars Olsen Roverud. Han gav da kvittering for arven som kona hans hadde fått ved skifte på Dallerudtilsm. 140 rd.

Om å ta seg sjølv til rette handlar ei sak av 1787, som i utskrift har denne ordlyden: ”Fåberg 17. febr. 1787. Fogden har efter klage til Amtet fra Peder Dallerud innstevnt Bersvend Tangen av Brøttum i Ringsaker for hans mislige forhold mot Peder Dallerud. Da Bersvend Tangen, som utenbygds, antagelig ikke har lovlig måneds varsel, utsettes saken til neste ting, Fåberg, 12. Oktb. 1787. De innstevnte vidner forklarte at de hadde været med Peder Dallerud til hans hølade i Fuskerud engemark hvor de så at døren var åpen og en del høi var uttatt av låven. De fulgte sporet og kom da til pl. Tangen under Ruud på Ringsaker, hvor de fant samme slags høi på låven. Da Peder Dallerud ville snakke med Bersvend Tangen, hadde Bersvend slått ham i hodet med en øksehammer så han faldt til jorden. Peder Dallerud ble sengeliggende i 8 dage og har siden været meget skrøpelig. Tingsvidnet ble derefter sluttet. Bersvend Tangen var ikke tilstede”.

Frå to arveskifte ved og på Dallerud i 1790-åra tek vi her med dette: Om god økonomisk stilling på plassen Thorsveen under Dallerud fortel eit skifte av 1792. Husbonden Erik Thordsen var da død, og arvingane var enka Gunhild Halvorsdtr. og dottera Kari, som da var 23 år. Skiftebuet utgjorde brutto 211 rd. og netto 184 rd., og det var i den tid velstand i ein husmannsheim. Enka Gunhild Halvorsdtr. var elles sikkert ei påpassig kvinne. I 1798 hadde ho såleis innstemnt Peder Dallerud fordi han ikkje svara etter avtale det føderåd ho skulle ha av pl. Thorsveen. Ho forlangte da plassen tilbakelevert, men saka vart først utsett og så ordna ved forlik.

Året etter var det i 1799 skifte på sjølve garden ”Dallerud i Lillehammer i Faaberg”. Husfrua på garden, Anne Pedersdtr., var da død, og husfaren Peder Pedersen valde da å skifte med borna. Framleis var det her inkje jordegods med i skiftebuet, men det utgjorde likevel brutto 360 rd. og netto 345 rd. Arvingane ved skiftet var faren, enkemannen Peder Pedersen og dei 5 borna i ekteskapet. Av dei var dottera Sønnøv da gift med Erik Olsen og dottera Thora gift med Ole Olsen. Sonen Jon var 29 år, dottera Ane 22 år og Kari 20 år.

Peder Pedersen Dallerud var framleis brukar av garden også under folketellinga i 1801. Det budde da 3 familiar på og ved Dallerud. Det var: 1. familie: Peder Pedersen, husbonden, 60 år, 2. Jon Pedersen, son hans, 31 år, 3. Kari Pedersdtr., dotter hans, 18 år, 4. Peder Kristensen, tenestkar, 28 år, 5. Kirsti Olsdtr., tenestkvinne, 31 år, 6. Marit Eriksdtr., tenestkvinne, 21 år, 7. Kristen Jonsen, legdbarn, 14 år. 2. familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, hjulmaker, 42 år, 2. Sønnøv Pedersdtr., kona hans, 40 år, 3. Ole Pedersen, son deres, 17 år, 4. Peder Pedersen, son deres, 10 år, 5. Lars Pedersen, son deres, 7 år, 6. Hans Pedersen, 1 år, 7. Randi Pedersdtr., dotter deres, 14 år. 3. familie: 1. Jon Olsen, husmann med jord, 25 år, 2. Martha Amundsdr., kona hans, 35 år, 3. Ole Jonsen, son deres, 1 år, 4. Ole Pedersen, son deres, 8 år, 5. Gunhild Halvorsdtr., enke, føderådkone, 70 år, 6. Marit Jensdtr., legdslem, 40 år. – Denne siste var altså huslyden i Thorsveen.

I denne tid skjedde så det store skifte at Dallerud frå å vera presteboliggods går over til å bli militær sjefsgard, og den første offiseren, kaptein, seinare major, Petter Conrad Weyhe, flytte inn og tok over som brukar på Dallerud. I samband med dette skiftet vart det så mellom kaptein Weyhe og Peder Dallerud gjort ei sålydande tinglyst kontrakt:

”Dallerud i Fåberg. 17. juni 1801. Pedersen Dallerud har innstevnt et tingsvidnes erhvervelse ang. opplysning om at kapteinen ved grdn. Dalleruds overtagelse skulle ha påtatt sig å være ansvarlig for den åbod som skulle finnes på samme gård, som bestemt officerbolig: Peder Dallerud deklarerer at han og kaptein v. Weyhe for å undgå prosess er således forenet: Citanten Peder Dallerud betaler kapteinen 225 rd. og overlater ham sine hus og indretninger på grd. Dallerud, således at disse skal være kapteinens eiendom, imot at kapteinen påtar seg å være ansvarlig for den åbod, som blev fundet på gården den 16. mai d. å. og den som videre kunne finnes på bygninger, jordvei og gjerder, hjemme og i seteren og husmannsplassene. Kaptein Weyhe svarer Peder Dallerud og kvinne Gunhild Halvorsdtr. Thorsveen de føderåd de tilkommer.”

Frå året etter er ei anna kontrakt, som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Dallerud. Thorsveen. Kontrakt dat. 1802, febr. 12. Tgl. 1802, febr. 15. Da Husmannsplassen Thorsveen under Kompansjefboligen Dallerud på grunn av slett bruk er nesten ruinert så vel på hus som jord, har kapt. Petter Conrad Weyhe besluttet å botsette samme på levetid til Peder Olsen hjulmaker og hans hustru Sønnøv Pedersdtr. mot årlig avgift 15 rd. Med denne plass følger et stykke engeland Fuskerud og en slåtteløkke på Nordsæteren som alltid har tilhørt denne plads. Pladsens huser skal de holde vedlike; de huser som de selv bygger skal alene komme dem og deres arvinger til gode. Brændeved og gjerdefang kan de ta i gårdens utmark og havnerettighet dels i utmarken og dels hjemme. Kapt. Weyhe henstiller til senere beboere av gården å la en av disse brave og vindskibelige Ægtefolks barn komme i besiddelse av denne plads, og at han kunde høste Frugt og Nytte av deres Forældres Sved og Arbeide.”

Før dette hendte var det elles alt ved reskriptet av 1791 gjort vedtak om at Dallerud skulle bli utlagt til sjefsgard for Nordre Hedemarkske eller Fåbergske kompani, som kompaniet og vart kalla. Men den nye sjefsgarden var ikkje bygselleg før i 1801, gjennomføringa av vedtaket laut utstå til da. – Fåbergske kompani gjekk ut ved omorganisasjonen i 1834-35, og Dallerud vart da sjefsgard for Gausdalske kompani. Ved kgl. resl. Av 4. okt. 1869 vart Dallerud tildelt Gudbrandsdalens bataljon. Det vart drøfta om garden skulle brukast som bataljonssjefsgard, men i 1881 vart garden seld til private.

Så vakkert og lugomt for formålet som Dallerud låg til, og så god og velbygd ein gard som det var, vart Dallerud snart rekna for å vera ein av dei beste sjefsgardane i Gudbrandsdalen. I dei kring 80 år som Dallerud var sjefsgard, vart han da og for det aller meste nytta til bustad og bruk av offiserane. Offiserar som brukte garden og budde der var såleis kaptein, seinare major Petter Conrad Weyhe, som vi alt har råka der. Weyhe budde på Dallerud i tidsrommet 1801-1809. Han slo seg elles til i Fåberg også seinare og døde på Audenus i 1825.

Kaptein Wilhelm Christian Hygen budde på Dallerud i tida frå 1810 til 1822, men ei tid hadde han visstnok forpaktar som dreiv garden. Den neste av kompanisjefane som brukte og budde på Dallerud,

var kaptein Christian Fredrik Ruge, som i alt var der i 15 år, først som sjef for det Fåbergske kompani i 12 år og så som sjef for det Gausdalske kompani i 3 år.

I kaptein Ruge si tid vart den nye hovudbygningen reist, den som ennå står og nå er freda. Samtidig vart så det gamle våningshuset ombyggt til drengestugu og bryggerhus.

Kaptein Ruge skal og ha planta tuntre på Dallerud – 4 rognetre og 3 heggetre, ein rogn for kvar son og ein hegg for kvar dotter han var far til. Men i 1904 var det berre 3 av rognetrea det var liv i.

Johanne Thorsveen, som var dotter til husmannen Simen der og gift med den neste husmannen, Ole, levde i Thorsveen i 5 kapteinars tid. Ho var ofte på Dallerud og hjelpte til med husarbeidet der. Ho var i "Urd"s julenummer for 1904 fortalt frå denne tida, og vi gjer oss her så fri å bruke noko av dette som kjelde: - Da Ruge var her, var je enda så lita, fortel Johanne, men je hugsar han kom til Thorsveen eingong i i dugurdskvila og sa til meg: Kviler far din? Da je svara "ja", gjekk han att. Han var ein snild mann, kaptein Ruge.

Om kaptein Christian Fredrik Ruge er det elles å fortelja at han var far til oberstløytnant Otto Christian Robert Ruge, som seinare var sjef for Gudbrandsdalens bataljon og altså i sine ungdoms år hadde vakse opp på Dallerud.

Kaptein Erasmus Pettersen budde på Dallerud i 1830-1848. Han dreiv garden med forpaktar, og forpaktaren var i tidsrommet 1843-48 Lars Bratstigen frå Biri. I forpaktningkontrakta mellom dei to er det spesifisert kva kapteinen skulle ha i årlege ytelser av garden. Det var: 8 bismarpund (48 kg) ost, 10 bp. flesk, 100 egg, 1 ½ td. rug, ½ td. malt, 4 tdr. bygg, 2 tdr. blandkorn, ½ td. erter, 12 tdr. poteter. Vidare: Gjødsel til hagen, humle til ølbrygging og 20 famnar 1 ½ alen lang bjørkeved. Forpaktaren skulle dessutan fore og stelle 1 hest, 2 kyr og 6 sauer for kapteinen. Den eine kua og sauene skulle han og ta seg av på setra om sommaren. Til gjengjeld kunne forpaktaren bruke hesten i våronna, og han skulle nyte godt av "den af Soldaterne i Høsttiden ydede Velvillighed".

Kaptein Pettersen skulle vera så glad i hundar. Om dette fortalde Johanne slik: "Kaptein Pettersen var så kjær i bikkjer, je trur han hadde 15. Ei av dei vart biti ihel av ulven, og den bikkja var han så kjær i at han hadde den i soveværelset sitt framfor senga da den var død."

Etter Pettersen var det kaptein Peder Werenskiold som vart sjef og brukar på Dallerud. Han tok over garden i 1849 og dreiv han til i 1870. I hans tid vart det oppført ny uthusbygning. I hans tid var og den store folke- og jordbrukstellinga av 1865. Av den som kjelde går det tydeleg fram at Dallerud i denne tid var ein av dei større gardane i Fåberg. Det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer var da oppgitt til 336 mål, og av dette var 115 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det fortalt at buskapen på sjølve Dallerud gard var 3 hestar, 16 storfe, 11 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under garden tilsaman 7 storfe og 22 småfe. Ført på same måten var utsæden på sjølve Dallerud: 6 ½ tdr. korn og 12 tdr. settepoteter, men dertil var det på husmannsplassane sådd og sett 5 tdr. korn og 7 tdr. poteter.

"Da je skulle ut og tene, kom je hit til Dallerud til Werenskiolds som budeie," fortel Johanne. "Je hadde ti daler året. Lønna var inte større den tida – enten 10 daler, eller klær og 2 daler. –

Han var så godt likt, kaptein Werenskiold, både av de militære på moen og her i naboskapet. Det var det såma hokken han nådde att etter veiga når han kjørde, så baud han dei skyss. Husmennene fekk mang ein kjøretur til byen. –

Han var godt kjend med Kongen og Werenskiold. Je har hørt fortalt at når Kongen kom til byen, sa han: "Goddag, Per Werenskiold!" "Goddag igjen, Kong Karl," sa Werenskiold. – Har du gullsnusdåsen din ennå, Per? spurte Kongen. "Ja, til tjeneste, Deres Majestet," svarte Werenskiold og tok gullsnusdåsen fram.

Eingong på moen ville Kongen kommandere Werenskiolds kompani. Kongen kommanderte soldatane uti ei myr, så dei gjekk nedi til langt oppå leggen. Da sa Werenskiold: ”Avdeling holdt!” – Men da vart Kongen morsk: ”Død og Pine, Per! Vover du å si ”Holdt” når jeg kommanderer?” – ”Jeg har svoret deres Majestæt troskap tillands, men ikke tilvands,” sa Werenskiold. – ”Godt sagt, Per!” sa Kongen og slo Werenskiold på skuldera.”

Den neste offiseren som dreiv garden var kaptein Johan Døderlein Ring, som budde på Dallerud i tida frå 1870 til han døde der i 1880.

Kaptein Ring var ein ivrig og interessert gardbrukar. Allereide det første året fekk han reparert hovudbygningen. Han braut opp 5 mål ny åker og grøfta vassjuk jord. Han fekk og grove og sprengt ut ein stor gjødselkjellar, der han eingong la kompost av 300 lass åkerjord.

I 1881 kom det så kgl. resl. om at Dallerud skulle seljast. Grunngiinga for dette var m. a. at ”det ikke er nødvendig at beholde Dallerud for at skaffe en Companichef passende Bolig, da Lillehammer By ligger nær og navnlig for Familiefædre, der tiltænger Skolegang for sine Børn, vil være et bekvemmere Bosted.”

Ved tre salgsauksjonar i 1881 vart så garden seld til høgstbydande Johannes Wiig for kr. 25200,-. Ved handelen vart elles to skogteigar ”som ikke er nødvendige for gårdens drift” fråskilt og selt for kr. 3900,-. Men sjølv etter salget vart Dallerud enda ei tid brukt som ”sjefsgard”. Såleis budde sjefen for 3. kompani kaptein Conrad Schnitler Thrane der i tida 1896-1906.

I mellomtida hadde det elles hendt at i 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. –

Dallerud i Fåberg fekk da gardsnr. 94 av samla skyld 16,03 mark, og det var da Thore Bjerke som var eigar og brukar av garden. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at det var blitt to bruksnr. under gardsnr. 94.

Det var: 1. Gr.nr. 94, br.nr. 1 Dallerud av skyld 15,31 mark, der kaptein C. Thrana da var eigar eller brukar, 2. Br.nr. 2 Fauskerud av skyld 0,72 mark, med Mathias Fauskerud som oppsittar. Av det komm. manntal frå denne tid går det elles fram at kaptein C. Thrane da var 43 år og fru Arnfrid Thrane 29 år. Dallerud hadde i 1901 enda 3 husmenn. Det var: Simen Evensen, Ludvig Gudbrandsen og Peder Olsen Thorsveen.

Av nyare ajourført matrikkel tek vi elles med dette: I 1906 var det P. A. Pedersen og Karl Pedersen som var eigar ell. brukar av Dallerud br.nr. 1. Same året kjøpte så Simen Olsveen gr.nr. 94, br.nr. 3 Sjøli av skyld 0,49 mark, og samtidig kjøpte Kristian Pedersen br.nr. 4 Klinkenberg, skyld 0,51 mark, og br.nr. 5 Ordersveen av skyld 0,43 mark vart kjøpt av Sigurd Tøndevold. Året etter kjøpte i 1907 Olaf Landaasen br.nr. 7 Dallerud skog av skyld 6,93 mark, og br.nr. 8 Thorsveen øvre av skyld 0,69 mark vart selt til Martinus E. Mailund. I 1914 vart br.nr. 7 Dallerud skog seld vidare til N. og G. Hornslien og Anne Eid, og pølsemaker M: Pedersen kjøpte br.nr. 11 Dallerud skog av skyld 0,30 mark. To år seinare kjøpte i 1916 Gudbr. Roverud br.nr. 12 Gammelveien av skyld 0,05 mark, og Ole Fauskerud kjøpte br.nr. 13 Fauskerud vestre av skyld 0,12 mark. Visstnok same året overtok O. A. Larsen gr.nr. 94, br.nr. 1 Dallerud, da av skyld 6,20 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 14 bruksnr. under gardsnr. 94 Dallerud. Av dei var det likevel berre 4 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Gr.nr. 94, br.nr. 1 Dallerud, med eit jordbr.areal på ca. 175 mål, der A. Guldsvik da var brukar og eigar, 2. Br.nr. 3 Sjøli, areal ca. 25 mål, med Andrea Sjøli so m eigar og brukar, 3. Br.nr. 8 Thorsveen, areal ca. 35 mål, brukar og eigar Andreas Thorsveen, 4. Gr.nr. 94,93, br.nr. 4,2 Klinkenberg, eigar og brukar Nils Christiansen, jordbr. areal ca. 45 mål.

Nanna Thrane, som var godt kjent på Dallerud, har gitt denne skildringa av det store loftet i den gamle, frede bygningen: ”Om hundre år vil vist ingen kunne se et loft som det på Dallerud – stort og mørkt og med spøgelser og rotter, de gamle, norske, grå rotter, som holder på at utdø. Rækverket var blankt og glat, som det var polert av alle de hender, som hadde tat i det. Det var et stort, mørkt rum der oppe med bare to glugger, som rognetrærne stak grenene op i. Hvor mørkt det kunde være der oppe, hadde jeg erfaret en høstaften, som jeg skulde gå til gjæsteværelset – sydkvisten – uden lampe. Jeg fandt ikke døren og gikk rundt på loftet, stødte imod gamle stoler, fik fat i uniformer, kjendte lodne skindfelder, som hang der, gikk imod kasser med gamle brevskeer fra fortiden, fik fat i store nøgler, som stod i dører ind til kot, og jeg husket på, at inde i kottet mod nord, der var en misgjerning begået, og nogen hadde engang hørt et lidet barn gråte inde i muren. Alt som fantes der oppe hadde jeg fat i, det var bare dørlåsen til gjæsteværelset, som var forsvundet. Jeg måtte opgi at gå rundt væggene, og istedenfor begyndte jeg at kjende efter rækverket midt på loftet for at kunde komme ned igjen, og det gikk lettere. Jeg kom tilbage til peisestuen, hvor lys og latter strømmet mod meg.” -